

Heider og ære til AristoCats som takkar.

07.07.2013



AristoCats er svært populære blant dansepublikum!

Under årets dansebandfestival i Seljord vart Uskedalsvennene i AristoCats kåra til årets festivalband. Festivalen avsluttar i dag, og resultatet av kåringa som har pågått ei tid, vart gjort kjent i går kveld. AristoCats vann i konkurranse med 18 andre band, og slo m.a. kjente danseband som Ole Ivars, Lasse Stefanz og Ingemars.

Vokalisten i bandet Kjell Kallestad og familien har dei seinare åra feriert på Rabben Feriesenter, og bandet opptredde som kjent gratis på den flotte Aktivitetsdagen i båthamna i juni. Dei spela og på Dønhaug om kvelden. Det var som vanleg mange uskedalingar og andre kvinnheringar på dansebandfestivalen i Seljord. No går ferda vidare til Sel i Gudbrandsdalen for både AristoCats og mange av dei danseglade kvinnheringane. Der er det nemleg festival komande veke og helg.

AristoCats set stor pris på all støtte dei har fått i avstemminga. Gjennom vokalist og frontfigur Kjell Kallestad bed dei uskedalen.no om å formidla takk til alle kvinnheringar som har stemt dei fram. Dei set stor pris på publikum dei har spelt for her, og dei håpar dei får spela her ved eit seinare høve og!

Tekst: Thor Inge Døssland.